



# Årsmøteprotokoll frå Hareid sokn

Årsmøtet vart halden i Hareid bedehus søndag 24. mars etter gudstenesta i Hareid kyrkje. Det møtte 49 personar. I forkant var det sal av brennsnut (150,-) inkl kaker og kaffi. Det vart presentert powerpoint med bilder frå årsmeldinga og aktivitetar gjennom 2018. Nytilsett kyrkje-tenar/gardsarbeidar Jon Arnstein Haugen (begynner 01.04.2019) var framme på podiet og blei presentert og ønskja velkomen. Greta Sandanger Goksøyr fekk kort fortelje om Kirkens SOS sin nye chattefilial, under presentasjon av arbeidet til diakoniutvalet.

## Desse sakene vart handsama på årsmøtet:

- 1 **Konstituering av årsmøtet**
- 2 **Årsmelding for Hareid sokn**
- 3 **Førebels rekneskap 2018**
- 4 **Budsjett 2019**
- 5 **Orientering om renoveringsarbeid i kyrkja og konsekvensar**
- 6 **Orientering frå kyrkjeverja**

### 1 Konstituering av årsmøtet

Innkalling til årsmøtet vart annonsert på nettsida og sosiale media 22. februar og annonse i Vikebladet 19. mars, og årsmeldinga har vore tilgjengelige i kyrkja, på kyrkjekontoret og på nettsidene til Hareid sokn desse vekene.

#### **Vedtak:**

*Gunmar Grimstad, leiar i soknerådet, vart vald til ordstyrar.*

*Bente Andreassen Pilskog, kyrkjeverje, vart vald til referent.*

*Til å underskrive årsmøteprotokollen vart Inga Barstad og Hallvard Sæverud vald.*

### 2 Årsmelding 2018 for Hareid sokn

Årsmeldinga vart gjennomgått av kyrkjeverja og soknerådsleiar presenterte førebels rekneskap og budsjett.

#### **Vedtak:**

*Årsmeldinga 2018 for Hareid sokn vart teken til vitande.*

### 3 Førebels rekneskap 2018

Rekneskapen er ikkje gjort ferdig og revidert frå den kommunale rekneskapsførar. Førebels rekneskap vart presentert av soknerådsleiar.

#### **Vedtak:**

*Førebels rekneskap 2018 vart teken til vitande.*

### 4 Budsjett 2019

Budsjettet for 2019 vart presentert av soknerådsleiar.

#### **Vedtak:**

*Budsjett 2019 vart teken til vitande.*

## 5 Orientering om renoveringsarbeid i kyrkja og konsekvensar


Soknerådsleiar orienterte om planlagt renoveringsarbeid av golv og varme/varmesystem, som vil gå føre seg innanfor perioda 20. mai til 20. august 2019.

## 6 Orientering frå kyrkjeverja

- Det vert avskjedsgudsteneste for sokneprest Leidulv Ø Grimstad 19. mai 2019.
- Innsettingsgudsteneste for ny sokneprest, Lars Hartig-Tangedal, vert 23. juni 2019.
- Status for planlagt kyrkjelydshus. Andre Gjerde fortalte meir i detalj om reguleringsarbeidet for tilbygg kontorfløy i høve kyrkjelydshus, og at vi no berre ventar på vedtak frå Hareid kommune på reguleringsendringane.
- Til hausten er det kyrkjeval, samtidig som kommunevalet 9. september. Då skal det veljast nytt sokneråd. Nominasjonskomiteen jobbar med å ferdigstille kandidatlista innan 30. april.

Bente Andreassen Pilskog  
referent

  
Inga Barstad

  
Hallvard Sæverud